



Retningslinjer for "Festival- og arrangementspott" – Stranda kommune

1. Føremål

Føremålet med ordninga er å støtte opp om større arrangement og festivalar som bidreg til bulyst, lokal verdiskaping og profilering av Stranda kommune som ein attraktiv besøks- og bustadskommune.

2. Kven kan søke?

- Lokale lag og foreiningar
- Organisasjonar, privatpersonar og bedrifter med verksemd i Stranda kommune
- Avgrensing: Tiltaket må vere opent for ålmenta og ha eit omfang som kan definerast som eit "større arrangement" eller ein "festival"

3. Krav til søknaden

- Søknad på fastsett skjema
- Omtale av arrangementet og målsetting.
- Fullstendig budsjett og finansieringsplan.
- Siste tilgjengelege rekneskap (for eksisterande arrangement).

4. Prioriteringar og avgrensingar

Ved vurdering av søknader skal det leggest vekt på:

Nyetableringar:

- Det kan ytast støtte til nye festivalar eller arrangement dei 1–3 første åra for å hjelpe verksemda i ein sårbar oppstartsfase. I slike tilfelle kan ein vurdere støtte som **underskotsgaranti** opp til ein viss sum for å sikre gjennomføringsevne trass usikker økonomi.

Kontinuitet og historikk:

- Arrangement som har vore gjennomførte over fleire år og kan vise til stabil drift.

Økonomisk behov:

- Festivalar som over tid har opparbeidd seg store overskot eller solid egenkapital, vil som hovudregel ikkje bli prioriterte for direkte tilskot.
- Maksimalt årleg tilskot pr søkar er 1/3 av potten.

Lokal verdiskaping:

- I kva grad arrangementet nyttar lokale leverandørar og skaper aktivitet i heile kommunen.

5. Saksbehandling og vedtak

I samsvar med kommunestyrevedtaket i sak 024/26 er saksgangen slik:
Levekårsutvalet --> Formannskapet --> Kommunestyret

6. Søknadsfrist

- 1. desember i året før budsjettåret.
- 1. mai i budsjettåret.

7. Publisering

- Ordninga skal publiserast på Stranda kommune si heimeside og i lokalavisa.